
Vår referanse 2021/926-2
Dato 08.02.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjonssøknad - tilkomstveg - gnr 138 bnr 21 - Tveiten øvre - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale, datert 12.01.2021.


Søknaden gjeld dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Tveiten gnr. 138 bnr. 11 med planID 126322112006, vedteke 11.01.2008.

Det er søka om og gjeve løyve til mellombels bruksløyve for heile prosjektet. Det vart avdekka avvik på tilkomstvegen i breidda og siste del av vegen fram til kryss inn på offentleg veg som ikkje er fullført. Og no er det søka om dispensasjon frå desse krava.

Uttale

Delar av dispensasjonen gjeld at parti av tilkomstvegen er smalare enn planlagt. Då tilkomstvegen er kommunalveg meiner vi det er kommunen sjølv som må vurdere denne situasjonen.

Dispensasjonen gjeld og at siste delen av vegen fram til krysset mot fylkesveg 5476 Skarsvegen ikkje er fullført. Dette gjeld ei strekning på om lag 50 meter langs Kyrkjevegen, ved kyrkjelydshuset, kor det ikkje er etablert fortau som reguleringsplanen viser.



Utsnitt frå plan med markering på uetablert fortau til venstre, og utsnitt frå «Norge i bilder» til høgre.

Vi meiner kommunen må sørge for gode og trygge gangforbindingar i området for mjuke trafikantar då dette er ein skuleveg og nærliggande Alversund skule.

Fortauet vist i plan, markert med raud ring i kart over, vil ikkje føre til noko naturleg eller markert overgang av vegane her. På andre sida av Kyrkjevegen ligg ein gangveg i samband med busshaldeplass og overgangsfelt over Skarsvegen. Dette er den næraste kryssinga av Skarsvegen som er kvar ein bør leda mjuke trafikantar til å krysse.

Til orientering vert det meldt oppstart av planarbeid for ny Alversund bru i løpet av dei kommande vekene, kor det vil komme endringar i infrastrukturen i dette området.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, har ikkje merknad til om det vert gjeve dispensasjon for tilkomstvegen og uetablert fortau her.

Med helsing

Hege Løvteit
leiar

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift